

Kontrollutvalet
 v/Einar Ulla

Forvaltningsrevisjon - Tildeling og oppfølging av tilskot Oppfølging av tilrådingane

I FT-sak 36/14 handsama fylkestinget Deloitte sin rapport for gjennomføring av forvaltningsrevisjon av tilskotsordningar i fylkeskommunen.

Rapporten til Deloitte tilrår 17 oppfølgingspunkt. Fylkesrådmannen skal rapportere om status for oppfølging innan 1.9.2015.

Fylkesrådmannen si oppfølging av rapport frå Deloitte

Kultur-, plan- og samfunnsavdelinga har alle utarbeidd eigne skriftlege rutinar for sakshandsaming (vedlegg). Næringsavdelinga har justert sine skriftlege rutinar for sakshandsaming. Dei fleste punkta i rapporten frå Deloitte vert følgd opp gjennom desse rutinane. Brevmalane er justerte slik at ein sikrar at det vert opplyst om innsyns- og klagerett. Det er utarbeidd eige klageskjema som vert lagt ved alle svarbrev. Skriftlege rutinar sikrar og at tilskotsforvaltninga er i samsvar med krav i forvaltningslova.

Punkt som ikkje vert følgd opp gjennom skriftlege rutinar for sakshandsaming og brevmalar:

- Punkt 1: Vert gjennomført ved at fylkesrådmannen i sitt ansvarsbrev til fylkesdirektørane opnar for at mynde delegert frå hovudutvala gjennom året vil gå direkte frå fylkesrådmannen til fylkesdirektørane
- Punkt 2: Administrative tildelingar av fylkesdirektørane (plan og næring) gjennom året, vert lagt fram for HPN til orientering ved årsslutt. Etter ny politisk organisering vil vi tilpasse oss til ny utvalsstruktur.
- Punkt 5, 6 og 7 er følgd opp gjennom ny heimeside til fylkeskommunen. Alle tilskotsordningar som blir forvalta av fylkeskommunen er tilgjengeleg på heimesida. Ny og meir utfyllande tekst vart vurdert ved oppretting av ny heimeside. Kulturmidlar vert nytta som felles omgrep for tilskot til frivillig sektor/kulturorganisasjonar.
- Punkt 8: Næringsavdelinga har arrangert kurs i statstøtteregulverket, der plan- og samfunnsavdelinga også deltok. Dette er kurs som er opne for deltaking frå alle avdelingane.
- Punkt 15: Fortløpande evaluering vert gjennomført kvart år gjennom vurdering av innkomne rapportar og ved sakshandsaming. Vurdering ved årsrapportering med målekart og jamleg rullering ved handlingsplanar.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Jarlaug Lauritsen
fagkoordinator

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Skriftlege rutinar kultur
Skriftlege rutinar næring
Skriftlege rutinar plan og samfunn
Brevmalar
Skjema for klagerett